



Norske
Landbrukstenester

Forord

Norske Landbrukstenester (NLT) vart starta i 1991 ved fusjon mellom Landbrukets Maskinringar og Norske Avløysarlag. NLT er ein sjølvfinansiert medlemsorganisasjon for avløysarlaga og landbrukstenestene i Norge. Utviklinga gjennom åra har vert stor og arbeidsoppgåvene har vore og er framleis mange.

Landbruksnæringa er i stadig endring, noko som påverkar vår organisasjon.

Styret i NLT tykkjer det er viktig å vera framsynt når det gjeld å møta dei utfordringar som vil koma. I samband med dette vil styret sette hovudkursen framover ved å lage ein ny strategisk plan for dei neste 5 åra.

Tanken bak ny strategisk plan er at den skal vera retningsgjevande for det daglege arbeidet i NLT.

Gjennom grundig arbeid i styret og innspel frå haustsamlingane, har styret kome fram til kva utvikling organisasjonen skal ha i framtida. Det er lagt vekt på kva NLT må gjera for å styrkja velferdsordningane og korleis vi som organisasjon kan styrkja medlemslaga i det daglege arbeidet.

Det er styret sine prioriteringar etter innspel frå medlemslaga som ligg til grunn for den strategiske planen.

Historikk

Organisasjonen har hatt ei fin utvikling sidan starten. Talet på gardsbruk har dei siste åra vorte redusert, men likevel har lønsomsetnaden vert stabil. Laga har funne nye bein å stå på gjennom blant anna utlønning også til andre lokale verksemder utanom landbruk.

Inntekta til NLT har i alle år vert knytt til medlemskontingent og sal av tenester. Tilbodet av tenester har heile tida vore under utvikling med tanke på å profesjonalisera drifta i laga.

Velferdsordningane til bonden ligg i botn for NLT sin eksistens. NLT har med mange års erfaring fått større gjennomslag for medlemmane sine ynskjer gjennom samarbeid med forhandlingspartane; Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Statens Landbruksforvaltning og Landbruks- og matdepartementet. Dette er eit arbeid som heile tida vil stå øvst på NLT sin prioritering av arbeidsoppgåver.

Forretningsidè

NLT si hovudoppgåve er, i samarbeid med medlemslaga, å kunne tilby bøndene tenester av høg kvalitet. Først og fremst for å dekkje behovet for kvalifisert arbeidskraft.

Organisasjonen skal vera forum for utvikling av velferdsordningar, samarbeidstiltak, bygdetenester og andre tenester som styrkjer landbruksnæringa og er utviklande for lokalmiljøet.

Visjon

NLT skal gjennom sine medlemslag sørge for :

- at landbruket sitt behov for arbeidskraft vert dekkja over heile landet.
- effektiv gjennomføring av velferdsordningar av god kvalitet.
- å byggja på organisasjonen sitt verdigrunnlag.

Verdigrunnlag

Til bondens beste ved å:

- ha profesjonalitet i alle ledd.
- gi alle tilsette i medlemslaga ein trygg og god arbeidsplass
- heve status for alle som arbeider i landbruket.
- garantera mot sosial dumping.
- ivareta god dyreetikk.

Overordna mål

- Innan 31.12.2012 skal NLT forvalta velferdsmidlane i landbruket, vera norsk faglag for velferdsordningane.
- Profesjonelle medlemslag.
- Innan 31.12.2013 skal 90% av bøndene som har rett til avløysartilskott vera aktive medlemmer.
- Innan 31.12.2014 skal vi dekke minst 80% av leigd arbeidskraft i landbruket.
- Styrkje inntektsgrunnlaget.
- Alle landbrukstenester skal vera medlemmer i NLT.

Velferdsordningane		V
Overordna mål	Operasjonelt mål	
Innan 31.12.2012 skal NLT forvalta velferdsmidlane i landbruket, vera norsk faglag for velferdsordningane	NLT skal med sin kompetanse og sitt omdømme, vera det organet som er naturleg å venda seg til når velferdsordningane skal formast	

For å nå dette målet skal NLT:

- V 1. Vera landsdekkjande.
- V 2. Gjera laga til profesjonelle bedrifter for å sikre gode rutinar for handtering av velferdsordningane
- V 3. Bygge opp den beste kompetansen rundt velferdsordningar og personalformidling.
- V 4. Vera synlege for bonden, faglaga og organisasjonar i landbruket samt politisk og i media.
- V 5. Vera gode på informasjon og kommunikasjon.

Organisasjon		O
Overordna mål	Operasjonelt mål	
Profesjonelle medlemslag	NLT skal arbeide for at alle bønder skal ha dei same gode tenestene over heile landet	

For å nå dette målet skal NLT:

- O 1. Stimulere laga til effektivisering. Gjennom utvida tilbod og omstrukturering, bør alle lag ha minst eitt årsverk i administrasjon.
- O 2. Kvalitetssikre kjerneområda etter felles krav.
- O 3. Forplikte laga til å følgje NLT sine rapporteringskrav.
- O 4. Legge til rette for at medlemslaga koplpar seg til felles server.
- O 5. Bygge opp kompetanse og verktøy for arbeidsformidling og tenesteyting utover velferdsordningane.
- O 6. Utarbeida plattformar for samarbeid med andre organisasjonar.
- O 7. Styrkja samarbeidet mellom NLT og medlemslaga og medlemslaga imellom.
- O 8. Hjelp medlemslaga til ei kvar tid å vera oppdatert på gjeldande lovverk
- O 9. Oppfordre til felles namn og profil. Uniformering!

Medlemer		M
Overordna mål	Operasjonelt mål	
Innan 31.12.2013 skal 90% av bøndene som har rett til avløysartilskott vera aktive medlemmer.	Organisasjonen skal arbeide for at alle bønder med rett til avløysartilskott vert informert om fordelar med eit aktivt medlemskap i landbrukstenestene	
Alle landbrukstenester skal vera medlemmer i NLT	NLT skal gjennom å tilby dei rette tenestene oppnå full tilslutning blant landbrukstenestene	

For å nå dette målet skal NLT:

- M 1. Utarbeide overordna marknads- og kommunikasjonsplan for heile organisasjonen.

Arbeidskraft		A
Overordna mål	Operasjonelt mål	
Innan 31.12.2014 skal vi dekke minst 80% av leigd arbeidskraft i landbruket.	Gjennom å få profesjonelle lag skal ingen kunna tilby betre arbeidskraft og tenester enn landbrukstenestene	

For å nå dette målet skal NLT arbeida for:

- A 1. Rekruttering av arbeidskraft og bygge opp relevant kompetanse i organisasjonen.
- A 2. Gjennomført god personalhandsaming i heile organisasjonen for å halda på god og stabil arbeidskraft
- A 3. Å bygga ein landsdekkande beredskapsordning, basert på Landbruksvikarordninga
- A 4. At alle bønder skal bli profesjonelle arbeidsleiarar

Økonomi		Ø
Overordna mål	Operasjonelt mål	
Styrkje inntektsgrunlaget	NLT skal arbeide for å tilpassa inntektene til auka aktivitet, gjennom gode tenester, samarbeid og felles løysingar	

For å nå dette målet skal NLT:

- Ø 1. Driva produktutvikling.
- Ø 2. Legge forholda til rette for at laga kan utvide og utvikle sine tenestetilbod.
- Ø 3. Utvikle tettare samarbeid med andre for å oppnå synergieffektar.
- Ø 4. Legge til rette for gode rutinar og god forretningsdrift i alle ledd i organisasjonen.